

# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
036/2016	Formannskapet i Radøy	PS	14.04.2016
	Kommunestyret i Radøy	PS	

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Monika Soltveit Gabrielli	16/224	16/4500

### Forskrift om sal, skjenking og opningstider for alkoholhaldig drikke

#### Saksopplysingar:

##### Bakgrunn

Alkoholpolitiske retningslinjer vart sist vedteke i *Ruspolitisk handlingsplan* sak 23/11.

I kommunestyremøtet 3. mars 2016 vart det i sak 008/2016 gjort vedtak om at sals- og skjenkestadane i Radøy får tilbod om å forlenga sals- og skjenkeløyve utan søknadsprosess.

I saksutgreiinga frå møtet stod det at:

*«Det er frå 1.1.2016 gjort endringar i alkohollova som seier at ein kan vika unna frå hovudregelen (alkohollova § 1-7, tredje ledd), dersom vilkår er oppfylt. Vilkåret er at noverande kommunestyre må ha vedteke alkoholpolitiske retningslinjer (alkohollova §1-7, fjerde ledd). Retningslinjene vil bli lagt fram for kommunestyret i juni».*

På bakgrunn av dette må alkoholpolitiske retningslinjer bli vedtekne før ein kan gjera endeleg vedtak om forlenging av skjenkeløyve for kvar einskild sals- og skjenkestad.

Forslag til retningslinjer vert lagt fram i forskrifts form.

Punkta i framlegg til forskrift er identiske med vedtak frå kommunestyret 29. juni 2004 og retningslinjene i *Ruspolitisk handlingsplan*, med tre endringar:

**Punkt 1 om bevillingsperiode** i tråd med vedtak i kommunestyret 3. mars 2016.

**Punkt 2c** er lagt inn som eit tillegg fordi dette ikkje stod eksplisitt i planen frå før. Det er praktisert opningstid til kl. 16.00 på desse dagane, og dette vert no fastsett i retningslinjene.

**Punkt 2d:** Her er delar av setninga teke vekk fordi alkohollova § 3-7 tredje ledd er endra på tilsvarande måte. Følgjande er teke vekk: «(...) og på røystedagen for stortingsval, fylkestingsval, kommunestyreval og folkerøysting vedteke ved lov, jf. alkohollova § 3-7 tredje ledd».

Rådmannen legg fram forslag om retningslinjer som ei forskrift, med heimel i følgjande lovparagrafar:

LOV-1989-06-02-27-§3-7, LOV-1989-06-02-27-§4-4, LOV-1997-06-13-55-§15

### **Prosesskrav ved fastsetting av forskrift**

Prosesskrava følgjer av forvaltningslova kapittel VII.

Krav til utgreiing, førehandsvarsling og uttalerett følgjer av forvaltningslova § 37:

*«Offentlige og private institusjoner og organisasjoner for de erverv, fag eller interessegrupper som forskriftene skal gjelde eller gjelder for eller hvis interesser særlig berøres, skal gis anledning til å uttale sig før forskriften blir utferdiget, endret eller opphevet. Så langt det trenges for å få saken allsidig opplyst, skal uttalelse også søkes innhentet fra andre.»*

Vidare følgjer det krav til kunngjering etter forvaltningslova § 38c. Når det ligg føre vedtak i kommunestyret må vedtaket kunngjerast i lokalavis og på eiga heimeside, eventuelt også i Norsk Lovtidende. Kunngjeringa må minimum innehalda kort omtale av forskrifta med opplysningar om kvar forskrifta er å finna, jf. forvaltningslova § 38(2).

Rådmannen rår til at Forskrift om sal, skjenking og opningstider for alkoholhaldig drikke vert lagt ut til offentlig ettersyn. Frist for merknader vert sett til 29.04.16.

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Forskrift om sal, skjenking og opningstider for alkoholhaldig drikke vert lagt ut til offentlig ettersyn med heimel i forvaltningslova § 37

### **Formannskapet i Radøy - 036/2016**

#### **FS - handsaming:**

Formannskapet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

#### **FS - vedtak:**

Forskrift om sal, skjenking og opningstider for alkoholhaldig drikke vert lagt ut til offentlig ettersyn med heimel i forvaltningslova § 37

#### **Vedlegg:**

Forskrift om sal, skjenking og opningstider for alkoholhaldig drikke